

Destinasjon Eidfjord AS

Eidfjord Cruisehavn - Eidfjord Cruiseport / Turistinformasjon - Touristinformation

Side 1 av 2

Destinasjon Eidfjord med "Smaken av Fruktbare Hardanger" til IGW i Berlin

Destinasjon Eidfjord har blitt valgt ut til å få lov å presentere Norge på Internationale Grüne Woche i Berlin, fredag 16.01. - søndag 25.01.09. Denne deltakinga er ei unik mulegheit for oss til å skape kontakt direkte med den tyske forbrukaren, pleie kontakt med turoperatørar vi inviterer til standen, samt teste produkta vi har med oss på pris, smak og preferansar.

Eidfjord som reisemål

Eidfjord innerst i Hardangerfjorden har lang tradisjon i å ynskje turistar velkommen til bygda, og kommunen med sine 950 gjestfrie innbyggjarar trivst godt i eiga bygd og brukar naturen frå fjord til fjell heile året.

Med store kontrastar og små avstandar frå fjord til fjell kan gjestene våre oppleve store vidder og høge fjell, djupe dalar og blågrønne fjordar, Isbrear, fjellvatn, elvar og fossar. Vøringsfossen har i lang tid vore Norges mest besøkte naturbaserte attraksjon. Hardangervidda og Hardangerfjorden er velkjente langt utover Norges grenser.

Mat og reiseliv

Eidfjord og Hardanger er rik på råvarer av svært god kvalitet som bl.a. frukt og bær, lam, kalv, kje, hjort, reinsdyr, fjellfisk og sjømat.

For restaurantane i Eidfjord og turisthyttene på fjellet har det alltid vore naturleg å bruke lokale råvarer frå naturen som grunnlag samt å ivareta dei lokale mattradisjonane i spennande, velsmakande matrettar. Hardangerviddahallen ved Hardangervidda Natursenter Eidfjord fekk t.d. prisen "årets beste spisested langs veien" (Ganefart 2006).

Standen

Destinasjon Eidfjord deltek i år for første gong på Internationale Grüne Woche i Berlin og vil representere Eidfjord, Hardanger og Eventyrveien saman med ysteriet Himmelspannet og EKT Langedrag Naturpark på den norske standen. Vi vil slik kunne vise samarbeidet langs vegen frå aust til vest.

Produkt på standen

Vi tek med "Smaken av Fruktbare Hardanger" til Berlin med produkt frå kvalitetsmerket "Hardanger Meny" som også vert servert i restaurantane i Eidfjord: Hardanger Fjellaure (rå, varmrøykt og kaldrøykt), chutney av epler frå Hardanger, Krydra moreller med kjærleiksur, epleaft, epleider, hermetiserte moreller/plommer til dessert.

Spesielle arrangement på standen

Temadag torsdag 22.01.: "Ein smak av Hardanger" i restauranten på den norske standen der ein kokk frå Hardanger er med kokkane frå Gastronomisk Institutt/Kulinarisk Akademi og tryllar fram spennande rettar, nye og tradisjonelle.

Ordførartreff laurdag 17.01.: Ordførar Anved-Johan Tveit representerer Eidfjord Kommune på dette treffet med norske og tyske ordførarar.

Kontakt på standen 16.01. - 25.01.09

Dagleg leiar Marit Stadheim Boor vil vere på IGW heile perioden: Tel. +47 47 25 01 20

Medarbeidar Heidi Kvamsdal-Naesheim 16.01. - 21.01.09 Tel. +47 41 23 40 18

Medarbeidar Elin Kvale 19.01. - 25.01.09 Tel. +47 91 36 39 30

Kontakt på Destinasjon Eidfjord AS/kontor

Destinasjon Eidfjord AS Postboks 74, 5786 Eidfjord org.nr. 987378670

Tel. (+47) 53 67 34 00 - Faks. (+47) 53 67 34 01 - Email: turistinfo@visiteidfjord.no www.visiteidfjord.no Sparebanken Hardanger Kto. 3450 35 65988

Destinasjon Eidfjord AS

Eidfjord Cruisehavn - Eidfjord Cruiseport / Turistinformasjon - Touristinformation

Side 2 av 2

Dagleg leiar Marit Stadheim Boor:

Tel. +47 53 67 34 03 / +47 47 25 01 20 / Epost: marit@visiteidfjord.no

Medarbeidar (Marknadsføring, arrangement) Heidi Kvamsdal-Naesheim:

Tel. +47 53 67 34 05 / +47 41 23 40 18 / epost: heidi@visiteidfjord.no

Medarbeidar (Turistkontor) Elin Kvale:

Tel. +47 53 67 34 00 / +47 91 36 39 30 / epost: elin@visiteidfjord.no

Nyttige internettsider:

Destinasjon Eidfjord AS: www.visiteidfjord.no

Eidfjord Kommune: www.eidfjord.kommune.no

Hardanger Fjellfisk AS: www.hardanger-fjellfisk.no

Hardanger Saft- og Siderfabrikk, Lekve Gard: www.hardangersider.no

Lutro in Vitro (bl.a. eplechutney, krydra moreller): www.hardangerfjord.com (mat/drikke)

Nøring ANS (bl.a. plommer og moreller): www.noring-ans.no

Hardangermeny: www.hardangerfjord.com (mat og drikke)

Med venleg helsing / Best regards / Mit freundlichen Grüßen
Destinasjon Eidfjord AS

Marit Stadheim Boor
Dagleg leiar / Manager

Tel: (+47) 53 67 34 03
Mobil: (+47) 47 25 01 20
Fax: (+47) 53 67 34 01

Award winner 2006, Most Improved Destination
Award winner 2005, Most Improved Port Facilities

Destinasjon Eidfjord AS Postboks 74, 5786 Eidfjord org.nr. 987378670

Tel. (+47) 53 67 34 00 - Faks. (+47) 53 67 34 01 - Email: turistinfo@visiteidfjord.no www.visiteidfjord.no Sparebanken Hardanger
Kto. 3450 35 65988

